

VESTNORSK
UTVANDRINGSSENTER

LYNGHEISEENTERET

M U H O BEVARINGS-
TENESTENE

TEKSTILINDUSTRI-
MUSEET

OSTERØY
MUSEUM

HAVRÅ

MUHO

Natur- og kulturarvsmuseet

Presentasjon for Regionrådet i Nordhordland 14. juni 2021

Museumssenteret i Hordaland

- aktiv bevaring og levande formidling

MUHO er eit museum for levande kultur-, natur- og industriarv, og eit kompetansemiljø for konservering og bygningsvern i Hordaland. Vi har avdelingar i Salhus, på Lygra, Radøy og Osterøy





Kva gjer oss unike?

MUHO driv med aktiv og levande bevaring.

Vi fortel ikkje berre ei historie, men brukar kunnskap om teknikkar og prosessar for vise, lære vekk og utføre arbeid slik det tradisjonelt blei gjort innan handverk, industri og gardsdrift.

Vi har unike museum med autentiske kulturmiljø i Nordhordland og Bergen, der vi kan gå inn i historia på ein aktiv måte.

Vi har eit unikt kompetansemiljø som gir råd og rettleiing om bevaring av bygg og samlingar, og utfører konservering av ulike materialgrupper.

Museumssenteret i Hordaland

- 6 avdelingar
- 45 faste tilsette og 36,8 årsverk
- Omsetning 2020 40,5 mill
- Løns- og pensjonskostnader av tot. driftskostnader er 70 %
- 109 kulturhistorisk bygg
- 9 578 besøkande (27 788 i 2019)
- 40 357 gjenstandar og 17 741 foto
- 3 580 dekar kulturlandskap
- Ny samlingsplan
- Ny grafisk profil og nettsider
- Slutføring av strategiarbeid
- Felles formidlingsopplegg basert på berekraftsmål 12
- Starta arbeidet med å bli Miljøfyrtårn
- Reduserte opningstider og færre besøkande grunna pandemien



Spydspissane

Spydspissane er dei tematikkane som definerer oss som museum. Dei beskriv det som er unikt og viktig for oss, og det som bind oss saman. Vi har definert fire spydspissområde i MUHO

- **Levande natur- og kulturarv**
Levande natur- og kulturarv er kunnskap om kulturlandskap, arbeidsprosessar, teknikkar og ressursar som lever vidare gjennom forvaltning av samlingar og praksis i museet. Vi jobbar aktivt med bevaring av natur- og kulturarv ved at vi overfører kunnskap til folk og nye generasjonar.
- **Migrasjon**
Migrasjon representerer forflytting av menneske både i og mellom land, ofte utløyst av behov for arbeid og håp om ei betre framtid. Migrasjon er aktuelt i historisk samanheng så vel som i vår samtid. Vi set fokus på kultur møte mellom menneske, og korleis migrasjon utfordrar og utviklar samfunnet.

- **Industriarv**
Industriarven er dei materielle spora etter industrien, som bygningar, verkstadar, maskiner, lager og infrastruktur, men òg immaterielle verdiar som teknisk kunnskap og organisering av arbeidet. Vi tek vare på industriarven og fortel historia om dei sosiale og kulturelle ringverknadene av industri, og korleis den endrar landskap og miljø.
- **Bevaring**
Bevaring er arbeid for å ta vare på kulturarven i eit langt tidsperspektiv. Vi driv kunnskapsbasert bevaring av alt frå kulturlandskap og store bygningsmassar, til einskilte hus, og gjenstandar. Bevaring kan dreie seg om førebyggjande tiltak eller direkte inngrep. Det kan vere dokumentasjon, undersøking og overvaking av objekt for sikre informasjon og hente ny kunnskap. Vi tilbyr tenester og kurs, til museum, kommunar og andre kundar.

5056 besøkande

7 arrangement

Sterkt redusert omsetning
grunna korona

Fortsatt mykje arbeid knytta
til skjøtsel av kulturlandskapet

Tilrettelegging for turgåare med QR-
koder og anna informasjon

Digital formidling om
planter gjennom «vekas vekst»
på Facebook vart ein suksess

Vedlikehaldsarbeid

Plan for
ny utstilling/formidlingsarena

Forskning med fokus på klima
og berekraft i ulike prosjekt, søknad
i samarbeid med Biosfæreområdet



LYNGHEISENTERET



- Salhus Tricotagefabrik blei freda 23. oktober 2020 og nytt namn
- 2893 besøkande (7400 i 2019)
- 13 arrangement (2 avlyste)
- 4 utstillingar i Galleri Salhus
- nytt digitalt formidlingsopplegg
- montering av Oscar Schimmel kardeverk frå 1910 etter restaurering av golv
- forprosjekt for å sikre fabrikkbygg 1910
- utfordringer knytt til springflo
- Asbestfunn fleire stader i fabrikk



TEKSTILINDUSTRI-
MUSEET

- 829 besøkende (3262 i 2019)
- 7 arrangement
- Utvandringsfestivalen var arrangert, med strømming av arrangement. Årets tema var kvinner som utvandra.
- Emigranten – eit sosialt rom vart etablert
- Tilrettelegging: rampe inn til fleire bygg
- Fokus på digital formidling med «månadens djupdykk» og QR-kodar på museumsområdet
- Fokus på migrasjon og mangfald
- Digital fotoutstilling: den amerikanske draumen om Norge av Ingerid Jordal
- Gjennomgang og nye bilete av samlingane. Tilvekst: amerikabrev og jolekort.
- oppstart av planlegging av Utvandringsjubileet 1825-2025



VESTNORSK
UTVANDRINGSSENTER

- 11 arrangement
- 100-årsjubileum for museet i 2020 og utgiving av boka «Osterøy museum 100 år, refleksjonar ved eit jubileum»
- Større fokus på digitalisering og innhaldsproduksjon til sosiale media
- Riving av Gjerstadheimen har vore viktig for museet
- Forskingsprosjekt «Knutar på vandring»
- Internasjonalt samarbeide med kunstnaren Meg Rodger for å lære å veve varafell på oppstadvev. Planlagt utstilling i 2022
- Kulturverntenesta: database- og registreringsprogrammet Primus er gjort tilgjengeleg for historielag i regionen



OSTERØY
MUSEUM



- Museet har vore stengt og arrangement avlyst grunna utfordringar knytt til koronapandemien
- Arbeid med publikumstolett er i slutfasen
- Vedlikehaldsarbeid
- Nybrottsarbeid knytt til immateriell kulturarv i revidering av samlingsplan
- Årlege kurs i reiskapskultur som eit 5-årig prosjekt vert starta
- Økt fokus på digital formidling
- Registrerings- dokumentasjon- og formidlingsverktøyet ArcGis vart tatt i bruk
- Økt fokus på FNs berekraftsmål



HAVRÅ

- 784 gjenstandar magasinert
- fagdagar: samlingar på flyttefot vart vellykka med rekordmange deltakarar
- auka driftstilskot frå Vestland fylkeskommune for å styrke samlingsforvaltninga
- avslutta testinga av varmekammeret
- tettare samarbeid med Musea i Sogn og Fjordane
- arbeid med å pakke om prioriterte gjenstandar for musea, slik at dei betre kan tole ei eventuell evakuering
- Nytt kurs om plast i samlingane
- Avslutta større prosjekt for KODE
- Bortimot uendra ordretilgang under korona
- Nytt fellesmagasin og utviding av tenestene



M U
H O

BEVARINGS-
TENESTENE



TEKSTILINDUSTRI-
MUSEET



Kulturrådets museumsevaluering 2020

Vi rapporterer;

Aktivitet knytt til forvaltning, formidling, forskning, fornying

Eigne klima- og miljøtiltak

IKA

Berekraft

Mangfald

Statistikk

Auka fokus på økonomi og organisasjon:

- *Nytt i årets vurderingsarbeid er en noe mer omfattende beskrivelse av museenes arbeid med organisasjon og økonomi enn tidligere, og dette er et område vi ønsker å følge opp og videreutvikle nærmere fremover*

MUHO evaluert som tilfredsstillende på alle hovedkriteria i evalueringa for 2020

<https://www.kulturradet.no/documents/10157/499a497f-cc73-4483-9cb1-b515081859af>



Ambisjonar

Ny strategiplan 2022 - 2027 under arbeid

Vår visjon:

Viktige stemmer i tida

Våre verdier:

Openheit, Engasjement, Kompetanse,
Likeverd

Våre fagfelt:

Forsking, formidling, forvaltning,
økonomi/organisasjon

Viktige omgrep

Berekraft, mangfald, samhandling,
immateriell kulturarv, folk

Ny strategiplan for 2022 – 2027

Strategiformulering:

Saman om eit synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling

Strategiske føringar/målområder 2022 - 2027:

- **Styrke posisjonen til museet gjennom spydspissane**
- **Styrke og fornye museet gjennom auka digitalisering**
- **Auke eigeninnteninga basert på kjerneverksemda vår**

Rammevilkår

Viktige signaler og mål i Meld. St. 23 (2020-2021), Musea i samfunnet- Tillit, ting og tid
Føringar fram mot 2050





Den nyleg framlagde stortingsmeldinga Melding St. 23 *Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid* er det viktigaste museumspolitiske strategi- og ambisjonsdokumentet på meir enn eit tiår. (*Melding St. nr. 49 (2008-2009) Framtidas museum*) og (*ABM – meldinga frå 1999 – 2000*)

Er meint å gje føringar for fram mot 2050

Meldinga konkretiserer signala i Kulturmeldinga for museumssektoren samstundes som den utdyper signala frå andre relevante politikkdokument, spesielt viktig for MUHO er Meld. St. 16 (2019–2020) **Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, berekraft og mangfald**

Det kan sjå ut til at politikken som er lagt til grunn i museumsmeldinga representerer ein kontinuitet i forhold til signala og hovudretninga i politikken dei siste åra



Meldinga tydeleggjer nokre grep og satsingar som vi håpar vil bidra til å løfte sektoren ytterlegare framover;

- Musea er profesjonelle kunnskapsorganisasjonar som skal vidareutviklast gjennom auka vekt på **forskning** og kompetanse på forskingsleiing
- Relevant og interessant **formidling** – basert på kunnskap og i eit samspel og aktiv dialog med brukarane, digitalisering og mangfald er nøkkelford
- Heilskapleg **samlingsforvaltning** som legg vekt på samordning, dokumentasjon, digitalisering og prioritering, både for objekt og bygg, bygningsvern vert framheva
- Ivaretaking av kulturarven – her finn vi spesielt samspel med Kulturmiljømeldinga og måla som blei satt i den
- Spesiell satsing på kystkulturen, Bygningsvern, TIK, fartøy,

Auke eigeninntekter, strengare krav til samhandling mellom musea og med andre, krav til måloppnåing og evaluering, profesjonalitet og fagleg nivå

KAFÉ MED UTSIKT

Forventningar

Musea skal vere «ALT»:

- Møtestad- ein stad kor alle kan kome og henge,
- Med kafé og butikk
- Og halde ope for å legge til rette for debatter og som diskusjonsarena
- Og halde ope for dei frivillige- som vert rekna som ei viktig brukargruppe/målgruppe for dei profesjonelle musea- bør diskutera
- Vi skal levere til reiselivet- som set sine krav og forventningar
- Helst vere «like gode» som kommersielle opplevelsessentra- ha høg eigeninntening og høge besøkstal





Vi meiner

Meldinga må følgjast opp med økonomiske verkemiddel

- investeringsmidlar, midlar til å finansiere satsingsområda og til forsvarleg drift av institusjonane for å verte i stand til å fylle alle ønska mål

Meldinga må og følgjast opp regionalt og lokalt

Auka samarbeid mellom dei tre forvaltningsnivåa er viktig og må og omfatte tredelt finansiering

Status korona 2020/2021

Eigeninntektene er redusert med ca. 45 %

Besøket er mellom 60 – 70 % lågare enn normalt

Utfordringar knytt til besøk, servering, butikk og utleige

Utfordringane held fram også i 2021

Slitasje i organisasjonen



Den vanskelege reisa

- utan koffert, men med mykje bagasje...



Vestnorsk utvandringsenter
MUSEUMSENTERET | Hordaland



UTFORDRINGAR

Tilskota dekker ikkje løns- og prisvekst, ABE – reform

Mange (109) kulturhistoriske bygg, vedlikehaldsetterslep og store investeringsbehov

ASBEST

Behov for investeringar i IKT, digitale løysingar

Covid – 19 vil også påverke 2021 og 2022?, direkte og indirekte

Mange krav, men ingen nye løyvingar

Kulturmiljøforvaltinga og endringar i forskrift kan redusere tilskot


Lønspress

Lønsvekst og vekst i tilskot

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Lønskostnader årleg	27 805 000	28 630 809	29 481 144	30 356 733	31 258 328	32 186 701
Tot. ord. driftstilsk, KUD, VLFK og kommuner	28 795 000	29 396 816	30 011 209	30 638 443	31 278 787	31 932 513
Rest driftstilskot til dekking av andre kostnader	990 000	766 007	530 065	281 710	20 458	- 254 187

antatt årleg lønsauke (snitt 2016-2019)	2,97 %
snitt tilkotsauke 2016-2020	2,09 %

Utvikling lønskostnader og faste tilskot



Rapporten: Om private samlinger i Nordhordland

- Kartlegging og tilstandsvurdering av private samlinger i Nordhordland (2014/2015)
- Mål:
- Definere magsinbehov knytt til samlingane og skape grunnlag for arbeidet med ein dokumentasjonsplan for regionen
 - Samt få oversikt over samlingane for å drøfte løysingar for tilgjengelegheit og grunnlag for vidare arbeid med innsamlings- og dokumentasjonsplan

Om private samlingar i Nordhordland

- Kartla og vurderte 15 samlingar i 9 kommunar
- Lindås Sogelag sine samlingar var ikkje ein del av kartlegginga då dei i følgje rapporten var i prosess og mykje av samlingane var lagra tilfredsstillande
- Oversikt over noverande situasjon for dei ulike samlingane
- Råd til eigarane m.o.t. betring av oppbevaringsforhold og konservering
- Råd for å best sikre og ivareta samlingane der dei står
- Korleis MUHO kan bidra i det vidare arbeidet

Om private samlingar i Nordhordland

Konklusjon av kartlegginga:

- Samlingane inngår i ein heilskap med bygningen dei står i og har først og fremst lokal verdi
- Det umiddelbare behovet for magasinlokale er svært lite i areal
- Utfordringane til desse samlingane er mangel på personar som har ansvar for samlingane og som har ressursar (tid, pengar og kunnskap) for å sikre tilfredsstillande oppbevaringsforhold på staden
- Mange av samlingane er lite tilgjengelege
- Tilfeldig registrering av samlingane
- Dei fleste manglar definerte mål og planar
- Vidare arbeid med regional innsamlingsplan må forankrast i regionen og magasinbehov sjåast i samanheng med dette
- Utviding av MUHO sitt ansvarsområde knytt til desse oppgåvene må finansierast gjennom nye midlar

- Oppfølging av rapporten:
- Møter med alle kommunane
- Kurs for frivillige i regi av MUHO
- Primus er no tilgjengeleg for historielaga og dei private samlarane (Kulturverntenesta gjer rådgjeving knytt til bruk)

Bygningsverntenesta/Kulturverntenesta

- Samarbeidsløysing mellom VLFK, MUHO, Alver, Fedje, Austrheim, Masfjorden og Modalen om rådgjevingstenester innan bygningsvern og andre museumstenester
- Definert satsing frå fylke og stat i å utvide ordninga med bygningsvernkonsulentar
- Behov for tettare dialog med alle kommunane i ordninga for å sikre at alle kommunane utnyttar tenesta og at vi kan planlegge aktivitet som er viktig for kommunane i kulturplanarbeidet

Kunnskapssenter for kulturmiljø og bygningsvern?

Stortingsmeldinga påpeikar at eit av måla med regionreforma er å styrke det regionale og lokale samarbeidet mellom kulturmiljøforvaltninga og eigarar, frivillige og frivillige organisasjonar, og at det skal vurderast å gje oppstarttilskot for å stimulere til utvikling av regionale rådgjevingstenester.

Fylkeskommunen lyste ut midlar til etablering av kunnskapssenter for kulturmiljø og bygningsvern i januar, kor Riksantikvaren ønskte å invitere regional forvaltning, i samarbeid med kommunane, å ta initiativ til etablering av regionale eller kommunale Kunnskapssenter for kulturmiljø og bygningsvern.

Døme på organisering av kunnskapssenter: samarbeid med eit kulturhistorisk museum om opplæring, rådgjeving, bygningsvernkonsulent-tenester mv.

MUHO kan vere partner i eit slik initiativ